

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/8331-1

### **Rullering av handlingsprogram anlegg, regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2018 og 2019**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Handlingsprogram for anlegg 2018 og 2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Langtidsprogram for anlegg etter 2019 vert vedteke slik det ligg føre vedlegg 2.

#### **Vedlegg:**

1. Handlingsprogram anlegg 2018-2019.
2. Langtidsprogram regional plan FIF.
3. Kommunevis innspel regional plan.
4. Vurdering av innspel til handlingsprogram anlegg regional plan 2016
5. Rullering handlingsprogram for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2018-2019 (brev).

#### **Andre relevante dokument i saka:**

- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, FT-sak 55/15.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkesutvalet vedtok i sak 5/17 av 20.06.17 å rullere handlingsprogram anlegg i regional plan for fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2019. Arbeidet med rulleringa er gjennomført i samarbeid med partnerskapen.

Kommunane vart etter dialog med lokale lag og organisasjonar inviterte til å kome med innspel innan 6. oktober 2017. Forum for fysisk aktivitet vart førelagt framlegg til handlingsprogrammet 7. november. Eventuelle innspel frå organisasjonane i forumet vert ettersendt. Innspela gjeld både handlingsprogrammet for anlegg 2018-19, samt langtidsprogram for anlegg frå og med 2020.

### **2. Bakgrunn for saka**

Regional plan for fysisk aktivitet og friluftsliv vart vedteken i FT-sak 49/13 for 2014-17, og forlenga med to år i FT-sak 55/15 for 2016-19. Handlingsprogrammet vart vedteke som ein del av planen. Det er behov for rullering av anleggsdelen av handlingsprogrammet. Rullering av anleggsdelen av handlingsprogrammet vart vedteken i planutvalet 20. juni 2017, sak 5/17.

### **3. Saksopplysningar**

#### **3.1. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.**

Alle søknader om spelemidlar, må vere del av ein vedteken kommunal plan. Ein del anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv får tildelt spelemidlar gjennom regional plan. Dette er anlegg som er kostnadskrevjande, arealkrevjande, og som kan vere belastande for miljøet. Dette gjeld:

- Fleirbrukshallar, inkludert spesialhallar
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir

- Golfanlegg
- Motorsportsanlegg
- Kunstgrasbaner lik eller større enn 64 x 100 meter
- Nye utandørs skyttaranlegg
- Hoppanlegg større enn K40, inkludert plastlegging
- Kunstisbaner
- Rulleskianlegg

Planen har ein tekstdel, eit handlingsprogram for tiltak og eit handlingsprogram for anlegg. Anleggsdelen er delt i eit handlingsprogram for 2016-2019 og eit langtidsprogram for perioden frå 2020. Denne rulleringa gjeld prioritering av søknader for tildeling i handlingsprogram anlegg for perioden 2018 og 2019.

Bruk av gummigranulat i kunstgrasbaner har vore eit aktuelt tema siste året. I den samanheng har fylkeskommunen gjort ei tilstandsundersøking på kunstgrasbanene i fylket. I tillegg har alle fylkes-kommunane sendt brev til Kulturdepartementet der vi oppmodar om meir forskning, og vurdering av krav til etablering og rehabilitering (jf. HNK-sak 17/54, 4 a og b).

### 3.2. Målet med rullering av handlingsprogram anlegg

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er utarbeidd i tråd med føringane i plan og bygningslova. Lova set krav om årleg rullering av handlingsprogrammet i kommunale planar for fysisk aktivitet, medan rulleringa av handlingsprogrammet i regionale planar kan gjennomførast annakvart år.

Oversikten for anlegg i planen er todelt:

- Handlingsprogram 2018-19
- Langtidsprogram frå og med 2020 til og med 2023.

Føremålet med rulleringa er:

- Fange opp innspel til handlingsprogrammet frå rulleringa av kommunale planar.
- Oppdatere handlingsprogram for tildeling av spelemidlar for 2018-19.
- Få oversikt i langtidsprogrammet, ved å fjerne og/eller utsette anlegg som ikkje vert realiserte i planperioden og gi rom for å prioritere nye anlegg.

Rulleringa av handlingsprogrammet er gjennomført i samarbeid med partnerskapen (frivillig sektor, kommunar og fylkeskommune).

### 3.3 Spelemidlar

Spelemidlane (dvs. del av overskotet frå Norsk Tipping AS) er eitt av dei viktigaste verkemiddela for å realisere anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Sogn og Fjordane har tidlegare vore ein av fylkeskommunane med lengst etterslep for tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg, dvs. tida mellom første søknads- og første tildelingsår. Dette etterslepet er dei siste åra redusert noko, og er per i dag 3 år. Tradisjonen for bygging av både idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv, og å søkje om spelemidlar som ein del av finansieringa, står sterkt i fylket vårt.

Ved førre rullering av handlingsprogrammet i 2015 vedtok fylkestinget å sette av inntil 22 mill. kr av ramma for spelemidlar løyvd til Sogn og Fjordane til regional plan i 2016, og 25 mill. kr i 2017, 2018 og 2019. Sogn og Fjordane fekk i 2016 og 2017 tildelt meir enn venta og det er også venta større tildeling i 2018 og 2019. Føringane i regional plan legg opp til at følgjande fordeling av total ramme over tid skal vere:

- 55 % styrt til anlegg i handlingsprogrammet i regional plan (RP).
- 30 % styrt etter prioriteringar i dei kommunale planane (KP).
- 15 % styrt til nærmiljøanlegg.

Tabellen under syner tidlegare tildeling til handlingsprogrammet i regional plan:

År	Samla tildeling	Tildeling RP	Tildeling KP
2014	28,2 mill. kr	15,19 mill. kr	12,89 mill. kr
2015	37,1 mill. kr	24,82 mill. kr	12,3 mill. kr
2016	45,82 mill. kr	22,44 mill. kr	23,37 mill. kr
2017	53,26 mill. kr	24,64 mill. kr	28,6 mill. kr
2018	Tildeling april 2018	April 2018	April 2018
2019	Tildeling april 2019	April 2019	April 2019

Kulturdepartementet tildeler kvart fylke spelemidlar etter tre kriterium:

- Anleggsdekning (tal anlegg pr. kvadratkilometer og tal innbyggjarar) – vekt 25 %.
- Tal innbyggjarar – vekt 25 %.
- Godkjend søknadssum – vekt 50 %.

I Sogn og Fjordane er anleggsdekninga høg og innbyggartalet lågt. Det er difor viktig med god kompetanse i kommunane og frivillig sektor ved utabeiding av spelemiddelsøknadar. Godkjend søknadssum, det kriteriet som tel mest, vert da høgast mogeleg.

Full gjennomføring av handlingsprogrammet 2018-19 føreset at fylket kan få tilført samla sett om lag 118 mill. kr i spelemidlar til anleggsutbygging. Om ein tek med langtidsprogrammet vil det ved full gjennomføring utgjere ein samla investeringsverdi på 1,4 mrd. kr for idrettsanlegg i Sogn og Fjordane i perioden. I tillegg kjem utbygging av friluftslivanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg styrt av kommunale planar. Dette utgjer for 2018-23 ein samla investeringsverdi på om lag 1,2 mrd. kr. Til saman utgjer dette 2,6 mrd. kr.

Dette syner at utvikling av idrettsanlegg er viktig både for idretts-, kultur- og næringslivet i fylket.

### 3.4 Handlingsprogram anlegg 2016 - 2019 – evaluering

Ved evaluering av handlingsprogrammet viser det seg at mange av anlegga som hadde prioritet i 2016-17 er realisert. Sogn og Fjordane fekk i 2016-17 meir spelemidlar enn kva vi budsjetterte med slik at vi også kunne tildele anlegg med prioritet i 2018-19. Nokre anlegg som ikkje vert realisert i det heile vert tatt ut av handlingsprogrammet.

I tillegg er det gjort enkelte andre omprioriteringar i forhold til planlagt tildelingsår:

- Kunstgrasbane på Kaupanger idrettspark i Sogndal, har ikkje søkt spelemidlar siste år, det er ikkje spelt inn i høyringa og vert difor tatt ut av handlingsprogrammet.
- Kunstgrasbane, Skaredammen, i Vågsøy, vurderer ei anna utforming av idretts- og aktivitetsparken og vert truleg ikkje realisert som planlagt og vert derfor tatt ut.
- Rulleskibane på Tua i Eid, vert ikkje realisert i denne omgang og er tatt ut.
- Rehabilitering av Florahallen var prioritert for tildeling i 2017, men vart ikkje søkt. Løyving er utsett til 2019.
- Rehabilitering av fjellheis i Harpefossen skisenter var i utgangpunktet prioritert i 2018, men fekk tildeling i 2017 på grunn av auka rammeløyving.
- Etablering Rindabotn skiheis i Sogndal Skisenter er ferdig, fekk tildeling i 2017 i staden for i 2018, medan Rindabotn nedfart skulle fått prioritet i 2017, men er flytta til 2018, på grunn av manglande ferdigstilling.
- Etablering av Kalvavatn skiheis i Sogndal Skisenter er ferdig, fekk tildeling i 2017 i staden for i 2018, medan Kalvavatn nedfart skulle fått prioritet i 2017, men er flytta til 2018, på grunn av manglande ferdigstilling.
- Etablering av heis for universell utforming i Askvollhallen, vert flytta frå 2018 til 2019 etter innspel frå Askvoll kommune.
- Etablering av porselensspor i Bjørkelibakken K90, Stryn, vert flytta frå 2018 til 2019 etter innspel frå Stryn kommune.
- Etablering av undervarme under kunstgras på Fosshaugane Campus, vart flytta frå 2017 til 2016 grunna auka rammeløyving.
- Etablering av kunstgras på Fosshaugane Campus, vart første tildeling flytta frå 2018 til 2017 grunna auka rammeløyving.
- Nordfjordhallen vart flytta frå 2017 til 2016 grunna auka rammeløyving.
- Grov Knattecross, vart flytta frå 2019 til 2017 grunna auka rammeløyving.

I langtidsprogrammet (etter 2020) er det nokre anlegg som vert sletta fordi dei ikkje vert realiserte. Samtidig vert det teke inn fleire nye anlegg.

### 3.5 Innspel frå kommunane

Vi har fått innspel på 134 anlegg som skal behalde eller endre status. 52 av desse vert plasserte i handlingsprogram anlegg. Nye anlegg som vert spelt inn må stå minst eitt år i langtidsprogram anlegg før dei kan få tildeling. På bakgrunn av innspela frå kommunane, samt nytt handlingsprogram for 2018-19 inneheld langtidsprogrammet for anlegg frå og med 2020, 60 anlegg.

Desse innspela viser at:

- Det er stort fokus på etablering og rehabilitering av fleire hallprosjekt. Etablering gjeld særleg fleirbrukshallar, men i fleire kommunar er det planlagt etablering av spesialhallar som basishallar for turn, fotballhallar, klatrehallar og ridehallar.

- Det er fleire som planlegg rehabilitering av symjeanlegg og det er vurdert etablering av nye symjeanlegg i både Vågsøy, Gulen og Førde.
- Motorsportsanlegg i både Flora og Førde er godt i gang med etablering og rehabilitering. I tillegg er anlegga i både Stryn og Luster spelt inn med etablering og desse vert prioritert.
- For kunstgrasbaner kan det sjå ut som det er ei utflating i etablering, men svært mange anlegg vil i perioden vi er inne i no ha behov for rehabilitering.
- For alpinanlegga i fylket kan det sjå ut som det er ei forsiktig utbygging, med fokus på snø-produksjon. Utbygging av skianlegg er kostnadskrevjande, særleg i ei tid med moglege klimaendringar, samtidig er innteninga avgrensa.
- Ved rullering av handlingsprogram i 2015, kunne kommunane også spele inn rulleskibaner for prioritert for tildeling i regional plan av omsyn til trafikktryggleik for rulleskiløparar. Slike anlegg kan vere krevjande av omsyn til finansiering, areal og etablering av grunneigar-avtale. Av desse årsakene vert anlegga på Tua i Eid, Kleivane Skisenter i Gloppen, Sogn Skisenter i Luster og Sogndal Skisenter i Sogndal plassert i langtidsprogrammet.
- Nye utandørs skyteanlegg er den siste tida etablert med store anlegg i Jølster og Flora. Det er i tillegg spelt inn to nye utandørs skyteanlegg i Olden i Stryn og i Lærdal, der eit av anlegga i Stryn vert prioritert i handlingsprogrammet.
- Barnegolfanlegget i Jølster er ferdig og det er ingen andre golfanlegg som er spelt inn.
- Det er ingen kunstisbaner som er spelt inn, og anlegget i Lærdal vert fjerna.

#### **4. Vurderingar og konsekvensar**

I FT-sak 55/15 vart desse føringane lagt til grunn for kva anlegg som har prioritert i handlingsprogram anlegg 2018 og 2019:

- Rehabilitering av anlegg for å tilfredsstille dagens krav til universell utforming for personar med nedsett funksjonsevne.
- Ferdige anlegg med eldre godkjende søknader framom nyetableringar.
- Rehabilitering framom etablering.
- Anlegg som skapar spennvide i tilbodet til barn og unge som støttar visjonen; *Fysisk aktivitet for alle*.
- Prioritere frivillig sektor sine anlegg framom både kommune og fylkeskommune sine anlegg.
- Prioritere eitt anlegg innan kvar kategori av anlegg som er styrt av tildelingar i regional plan.
- Strekke tildelingar over maksimalt tre år.
- Anlegg i handlingsprogrammet som har stått minst eitt år i langtidsprogrammet.
- Så langt som råd, prioritere eitt anlegg i kvar kommune i planperioden
- Symjeanlegg som dekker større område/regionar.

Fylkesrådmannen legg følgjande vurderingar til grunn i forhold til anleggstypar som er styrt av regional plan:

- Fleirbrukshallar, inkl. spesialhallar: Ved å tildele 1 mill. kr til rehabilitering og 2 mill. kr til etablering over fleire tildelingsomgangar stimulerer ein til at fleire kjem i gang med arbeidet.
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir: Å tildele ferdig utbygde nedfartar, og legge anlegg for snøproduksjon i langtidsprogrammet.
- Golfanlegg: Barnegolfanlegget i Jølster er ferdig, ingen andre golfanlegg er spelt inn.
- Motorsportsanlegg: Alle anleggsstadar som er prioritert får tildeling.
- Kunstgrasbaner lik eller større enn 64x100 meter: Ferdig etablert og rehabilitert, eller ferdig planlagde anlegg vert prioritert for tildeling.
- Nye utandørs skyttaranlegg: Realiserbare anlegg med godkjende reguleringsplanar vert prioritert for tildeling.
- Hoppanlegg større enn K40, inkludert plastlegging: Stryn – utsett i tid av omsyn til betre behandling av planarbeid.
- Kunstisbaner: Ingen innspel.
- Rulleskibaner: Å etablere slike anlegg er omfattande og krev grundige planprosessar som tek tid. Harpefossen skisenter vert prioritert for tildeling.

Proessen med rullering er gjennomført i tett samarbeid med partnerskapen. Særleg har kommunane vore delaktige med innspel til anlegg. Med 134 innspel på ulike anlegg syner kommunane eit engasjement for anleggsutbygging som kan styrke idretten og friluftslivet sine

rammevilkår. Fylkesrådmannen ser dette samarbeidet som svært viktig for å støtte opp om visjonen; *Fysisk aktivitet for alle*.

I handlingsprogrammet legg fylkesrådmannen opp til å spreie tildeling av midlar i fleire omgangar og på fleire anlegg. Dette for å stimulere til at fleire kjem i gang med etablering eller rehabilitering på eit tidlegare tidspunkt. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av innspela god oversikt over anleggsutbygging i fylket for anlegg styrt etter regional plan fram til 2023.

Om auke i tildelingane ikkje samsvarar med auken i godkjend søknadssum og om overskotet i Norsk Tipping AS går ned, gjer fylkesrådmannen oppmerksom på at ventetida kan auke noko.

Fylkesrådmannen meiner det ut i frå ei totalvurdering er realistisk å forvente 58 mill. kr i tildeling i 2018 og 60 mill. kr i 2019.

## **5. Konklusjon**

Arbeidet med rullering av handlingsprogram anlegg for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2018 og 2019 er gjennomført i tråd med føremåla, og i tett samarbeid med partnerskapen. Ved å gjennomføre denne rulleringa er fylkeskommunen med på å gjere arbeidet med anleggsutbygging i fylket meir føreseieleg for både frivillig sektor og kommunane. Fylkesrådmannen tilrår vedtak slik det ligg føre.